

# Jotunheimen Fjellsportklubb



## Årsmelding 2008

Styret i Jotunheimen Fjellsportklubb har i 2008 bestått av:

Leiar	Magne Svare
Nestleiar	Ulf Ryen
Kasserar	Jo Øien
Styremedlem	Bjørn Slåen
Styremedlem	Ivar Svare
Varamedlem	Ken Espen Solheim og Roar Valbjørgsløkken.
Sikkerheitsansvarleg	Ken Espen Solheim.
Valnemnd	Ken Espen Solheim og Roar Valbjørgsløkken.

Styret har i perioda hatt 4 styremøtar. I tillegg har mange spørsmål vorte løyst ved mindre og uformelle møtar og telefonsamtalar.

Rekneskap er ført av Jan Erik Byre, revisor er Thor Ekre.

Klubben hadde i 2008 totalt 130 betalande medlemmar.

Årsmøtet for 2007 vart arrangert på Vågå Hotell 12. Mars.

Det var 10 frammøtte. Ken Espen Solheim viste biletet frå Thailand etter årsmøtet.

Det har i perioden vore utsendt 3 klubbskriv.

---

### Klubbhus, buldrerom.

Klubben leigde ved nyttår det gamle gartneriet på Klones. Målet med dette var å bygge eit bra buldrerom som og skulle vera eit sosialt samlingspunkt.

For å kunne realisere prosjektet var det nødvendig med ei rimeleg leige av lokale, dette har vi ordna ved at det i tillegg til årleg leige på 6000,- skal det stillast med 200 dugnadstimar. Klones As disponerer 100 timer ved og innkalte klubben til felles dugnader, dei andre 100 dugnadstimane kan brukast rundt og på klubbhuset.

Medlemmane har lagt ned ein STOR dugnadsinnsats med bygging av buldrerommet og det har vist seg at satsinga var svært vellykka. Dugnadsinnsatsen er anteke og vera på godt over 1000 timer. Materiell kostnad er ca. 105 000,- Det var offisiell opning under Vågå Dågå i Juni med ordførar som avduka skilt og ønskja klubben lykke til. Det var fullt hus og stor aktivitet.

Buldrerommet har gjennom heile året vore mykje brukt, og det viser seg å falle i god smak!

## Årets aktivitet.

Klubben har hatt svært god aktivitet dette året.

Rekrutteringa er bra, og det er eit stort engasjement.

### Klubbturar:

- Thailand i Februar. Ulf, Roar, Bjørn, Øystein, Ken Espen, Ivar, Bente, Lars Erik, Magne og Anna. 2 veker på Railey å klatra.
- Vårskitur på Hestbrepiggane saman med Vågå Turlag. Ulf Ryen var turleiar på ein svert vellykka tur...., dette er ein tur som dei som ikkje deltok på har svært ilt av...
- Bohuslentur i Pins. Den årlege pins samlinga i Romsdalen vart i år flytta til Sverige. Denne var svert vellykka med 33 deltakarar. Mange fekk opplæring og debuterte på naturlege sikringar.
- Opning av nytt klubbhus og buldrerom på Klones i Juni. Fullt hus.
- Klatresamling og Raumarock på Åndalsnes i Juli. Fleire debuterte på langruter.
- Buldrekonkurranse og open dag på Klones.
- Julebord med 41 personar! Bildevisning ved Terje Kleiven og film frå Gongha Shan av Øystein Bakke. Dessutan skodespel av styret i JFK... Svært vellykka!!

### Smått og stort av klubbens medlemmar:

- Det vert sagt at klatrerutane i Vågåhallen vart hardare og hardare utover vinteren...
- Magne Svare og Dag Inge Bakke var 2 veker i Russland for å kjøre på ski og forsøke på vinterbestigning av Elbrus. Måtte snu på ca. 5300 moh.

- **Ulf Ryen**, med fleire fekk full klaff på bestigning av Hestbrepiggane.
- **Stor trafikk til Romsdalen**, med resultat at mange fekk gått fleire av dei største klassikarane på Hornaksla.
- **Hans Petter Bakke** kjørte for Jotunheimen Fjellsportklubb og gjekk av med sigeren i alpinklassa på årets Loftsrenn.
- **Siv Aina Tofte** og **Ulf Ryen** har i løpet av året bestege ca 40 toppar over 2000 meter - det seier vel sitt!!
- **Ola Iver Røe** med familie var i Fontainblau.
- **Terje Kleiven** med familie var 1 veke på Kalymnos.
- **Per Ekre** har vore på klatreferie i Spania.
- **Erik Sanden** og **Anne Silje Berg** var på fottur blant høge toppar i Nepal.
- **Sigurd Sælthun** har vorte ein ivrig FHM tittar, noko Estin har reagert sterkt på og levert styret i Jfk skriftleg klage i frykt for at dette skulle gå utover klatringa....., Sigurd svara raskt med å leveklage på klaga...., styret har valt å skrinlegge saken....
- **Ulf Ryen** og **Roar Valbjørgsløkken** sitt felles 40 årslag i Gjendebua var svært vellykka. Laget vart for mange kombinert med ein eller fleire fjellturar.
- **Anna Karine Lunna** og **Magne Svare** var 1 veke i Mollandalen og gjekk mange fine ruter.
- **Øystein Kleiven, Bjørn Slåen** og **Magda Oda Espelund Vollan** var i Sveits for å bestige Matterhorn. Dei måtte snu, og nådde ikkje toppen.
- **Ulf Ryen** og **Per Ekre** har eit kappløp om dei siste 2000meterstoppene.
- **Sigurd Selthun, Torstein Øygarden, Erik Sanden, Magne Svare** og **Anna Karine Lunna** storkosa seg på Norafjellpillaren som oppladning før Raumarock.
- **Siv Aina Tofte, Ulf Ryen** og **Per Ekre** feira jul i telt med bestigning av fleire nye 2000 meterstoppar.
- **Øystein Kleiven** og **Bjørn Slåen** gjekk ruta Sydpilaren på Mongjura.
- **Magne Svare** og **Ulf Ryen** gjekk ruta Midnattsol på Goksøyra.
- **Anna Karine Lunna** og **Magne Svare** hadde 1 veke klatreferie på Tenerife i haust.
- **Øystein Kleiven** stilte som JFK sin representant på motbakkeløp på Lalm...
- **Torstein Øygarden, Sigurd Sæltun** og **Estin Blossom** deltok på Juniorsession på Lillehammer i forbindelse med Nordic bouldering challenge.
- **Bjørn Slåen** og **Magne Svare** deltok på ruteskruvingskurs med Jacky Godoffe.
- **Store Vengetind, Romsdalshorn, Skagastølsryggen** og **Skardstind** er av toppane som har hatt JFK besøkjande i løpet av året.
- **Ola Iver Røe** var i Yosemite, USA og klatra saman med ein kamerat 1 månad i haust.
- **Per Ivar Weydahl** med familie har som vanleg hatt ein aktiv sumar. Her kan blant anna nemnast bestigning av Slågen.
- **Øystein Bakke, Stig Langøygard** og **Sivert Jonassen** har vorte yrkesklatrarar i Nordsjøen.